



Til

Meland Kommune
Boks 79
N-5906 FREKHAUG

Att.: Landbruk og Miljø

Dykkar ref.:

Vår ref.: 8108/lly/2014-1

2. desember 2014

Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Hordaland 2014, førespurnad om utbetaling

Vi viser til søknad om tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Hordaland for år 2014, datert 14.11.2013. Vi kan ikkje sjå at vi har mottatt svar på denne.

Dersom **Meland Kommune** ser positivt på søknaden, bed vi om at ei eventuell løyving vert overført til vår konto **3411.23.62632**.

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste. Vi ynskjer å vere ein god landbruksfagleg støttespelar både for kommunane og for næringsdrivande i landbruket. Vi har som mål å gje gode råd på alle landbruksfaglege område.

Dei siste åra har vi hatt spesielt fokus på betre grovfôr dyrking og optimal bruk av husdyrgjødsel. Vi har også informert om tilskotsordninga for drenering av landbruksjord, vi har hatt fagdagar og kurs om tema, og vi hjelper bøndene med å lage grøfteplanar og tilskotsøknader.

Vi er svært takksame for at kommunen tidlegare har støtta Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, og vonar såleis at kommunen finn rom for å støtte også i år. Kommunale tilskot er ei god hjelp for at vi kan utvikle oss i takt med stadig skiftande krav og gi eit godt heilskapleg rådgivingstilbod til landbruket.

Vi sender jamnleg ut rådgivingsmeldingar på e-post. Sei i frå viss de ikkje får dei tilsendt.

Web-sida vår har adresse: <http://hordaland.lr.no/>

Med venleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Liv Lyngstad
Dagleg leiar